



Masfjorden kommune

Møtebok for Kraftfondsstyret

Møtedato: 28.08.2023
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 09:00 - 10:40

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Rådmann Svein Helge Hofslundsengen som og førte møteboka.

Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

026/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 03
027/2023	Godkjenning av møtebok	s. 04
028/2023	GUMA aktiv - søknad om støtte gjennom kraftfondet	s. 05
029/2023	Delegerte saker	s. 08
030/2023	Referatsak	s. 09

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	23/791

Saknr	Utval	Type	Dato
026/2023	Kraftfondsstyret	PS	28.08.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Kraftfondsstyret - 026/2023

KRFT - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	23/791

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2023	Kraftfondsstyret	PS	28.08.2023

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Kraftfondsstyret - 027/2023

KRFT - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-223	23/783

Saknr	Utval	Type	Dato
028/2023	Kraftfondsstyret	PS	28.08.2023

GUMA aktiv - søknad om støtte gjennom kraftfondet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. GUMA aktiv får tildelt inntil kr 100.000,- i tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsfremål.
2. GUMA aktiv får tilbud om lån gjennom kraftfondet med stort kr 200.000 til omsøkte investeringsfremål.
3. Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.
4. Lån med pant i eigedom
5. Frist med å nytte lånetilsegna vert sett til den 18.9.2024

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Guma Aktiv søker om kr. 100.000 i tilskot og 200.000 i lån gjennom kraftfondet, søknaden følger under.

Uttale/søknad om støtte og lån ved flytting til nytt lokale for Guma Aktiv, org nr 930556505

Guma Aktiv er ein nystarta ideell dugnadsbasert organisasjon som har tatt over drifta av treningssenteret på Risnes frå Risnes IL. Me tok over treningssenteret 01.01.23.

Litt Historie: Guma Aktiv AS vart starta av Harriet Molland i 2007 og var eit kjærkomment tilbud til innbyggjarane i Masfjorden og Gulen! Når Harriet flytta ut av kommunen i 2014 tok Erlend og Kent Remy Kvamsdal over Guma Aktiv AS og dreiv det vidare fram til 2017. I 2017 overførte Erlend og Kent Remy Guma Aktiv over til Risnes IL. Guma Aktiv har vore ei sjølvstendig gruppe inn under Risnes IL. Dagens styre består av fire som har vore med sidan 07.01.17 og i oktober 22 fekk me to til inn i styret/driftsgruppa. Me har i tillegg 5-6 frivillige hjelparar som leiar ulike fellestreningar. Fysioterapeut Gro Serine Baarøy har vore ein samarbeidspartner sidan 2017. Ho ynskjer eit tettare samarbeid når me kjem på plass i nye lokaler. Ho ynskjer å ha ulike fellestreningar i lokalet på dagtid, og ta med seg pasientar til våre lokaler for ulike øvingar der vårt utstyr er betre eigna enn i hennar eiga avdeling. Ho ynskjer også trening på grøn resept, ei ordning der pasientar som er i ein avslutningsfase hjå henne får rabattert pris på trening hjå oss dei fyrste tre månadane. Dette er ei ordning ho kjenner frå blant anna Alver Kommune. Guma Aktiv er positive til dette.

Treningssenteret er eit viktig tilbud til innbyggjarane i Masfjorden og Gulen. Me trur at treningstilbodet er og med på og sikra og auka busetnaden i kommunen. For mange er eit slikt tilbud viktig for trivselen. Lokalet me held til i dag er slitt, dårleg vedlikehalde og har låg standard. Det er tilfeller av svartsopp grunna lekkasjar. Bygningen er dårleg isolert og har ingen ventilasjon, med andre ord lite eigna til formålet. Dette har me endeleg fått ei god løysing på då me har fått avtale om å leige nytt lokale i Fensfjordbygg.

I den forbindelse må me innreie lokalet som var tiltenkt ambulansestasjon på Fensfjordbygg, og som derfor har garasjestandard. Det er store kostnader med dette som vi vonar at Masfjorden kommune vil hjelpe oss med. Vi ønsker også i forbindelse med flyttinga og fornye oss og oppgradere ein del av treningsutstyret etter 16 års bruk.

Arbeid ved skifting av lokale:

Skillevegger, nytt gulv med støydempende underlag, avretting av gulv, maling, speil, gummigulv for støydemping, bygging av toalett-, og dusjrom, bygging av lagerrom. Me utfører all bygging og oppgradering på dugnad. HAFS Rør og Elektro leverer tjenester knytt til VVS. EA-elektro leverer elektrotjenester. Spar Hosteland leverer gulv. Reknes Byggjevarer leverer alt av materialar. Reklamehuset leverer profilering. Flytting skjer med private køyretøy på dugnad.

Kostnader	Sum
Innkjøp av brukt Halvrack, diverse vekter, stativ, treningsbenk, tjukt gummigulv og markløftplattform. Dei to siste er krav frå huseiger knytt til støy.	42000
Materialer til bygging av toalettrom og skillevegger	20000
Rørlegger og elektriker i våtrom med toalett og dusj	35000
Dør til toalettrom og lagerrom	6000
Avretting gulv, underlag gulv (støydempende) og vinylgulv til 160m ²	30000
Innkjøp av treningsspeil	20000
Ytterligere innkjøp av gummigulv til vektavdeling pga støykrav	30000
Profilering med namn og logo i, på og utenfor lokalet	30000
Dugnadsverdi tilrettelegging og ombygging av lokale	100000
Kjøp av nytt cablecross-apparat (GYM2000)	130000
Kjøp av hip trust-maskin (GYM2000)	55000
Oppgradering reparasjon av trenings-apparat	50000
Totalt	548000

Finansiering	Sum
Egenkapital	148000
Dugnads verdi bygging og ombygging av lokale	100000
Støtte frå Masfjorden Kommune	100000
Lån frå Masfjorden Kommune	200000
Totalt	548000

Fakta

Vedtektene for kraftfondet, § 2 Føremål. Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune.

§ 5, Vilkår for stønad, Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 50.000,-
- Investeringar kr. 250.000,-
- Utlån kr. 500.000,-

Kraftfondet kan og nyttast til utbygging av kommunale fellestiltak som kommunikasjonar, barnehagar, skular, helse- og sosialinstitusjonar, samfunnshus og idrettsanlegg. Til desse formåla kan fondet nyttast til støtte investeringar, ikkje drift. Kommunen bør prioritere kraftfondet til direkte næringsutvikling framfor denne typen kommunale fellestiltak.

Vurdering

Søknaden er innafor kriterier for tildeling av støtte gjennom kraftfondet, fellestiltak – men ser i mindre grad at dette vil gje nokon auka sysselsetjing og det som er hovudmålet med bruk av kraftfondet. Ut i frå prinsippet om inntil 25% støtte til prosjekt vil ramma her vere kr. 137.000,-. Ein har då ofte praktisert utlån utanom denne %. Dette er den einaste registrerte søknaden til 1.tildelingsrunde i 2023. tilrår difor at søknaden vert imøtekommen.

Konklusjon

GUMA aktiv får tildelt inntil kr 100.000,- i tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsføremål. GUMA aktiv får tilbod om lån gjennom kraftfondet med stort kr 200.000 til omsøkte investeringsføremål. Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid. Lån med pant i eigedom. Frist med å nytte lånetilsegna vert sett til den 18.9.2024

Kraftfondsstyret - 028/2023

KRFT - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

1. **GUMA aktiv får tildelt inntil kr 100.000,- i tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsføremål.**
2. **GUMA aktiv får tilbod om lån gjennom kraftfondet med stort kr 200.000 til omsøkte investeringsføremål.**
3. **Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.**
4. **Lån med pant i eigedom**
5. **Frist med å nytte lånetilsegna vert sett til den 18.9.2024**

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	23/791

Saknr	Utval	Type	Dato
029/2023	Kraftfondsstyret	PS	28.08.2023

Delegerte saker

Tilknytte dokument:

004/2023. Vedk. søknad om etableringstilskot

005/2023. Vedk. søknad om etableringstilskot

006/2023. Vedk. søknad om etableringstilskot

007/2023. Vedk. søknad om etableringstilskot

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Kraftfondsstyret - 029/2023

KRFT - behandling:

Delegerte saker:

delegert sak 1: Vedk. søknad om etableringstilskot

delegert sak 2: Vedk. søknad om etableringstilskot

delegert sak 3: Vedk. søknad om etableringstilskot

delegert sak 4: Vedk. søknad om etableringstilskot

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	23/791

Saknr	Utval	Type	Dato
030/2023	Kraftfondsstyret	PS	28.08.2023

Referatsak

Tilknytte dokument:

1. Protokoll Generalforsamling Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kraftfondsstyret - 030/2023

KRFT - behandling:

Referatsaker:

Skriv 1: Protokoll Generalforsamling Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Drøftingssaker:

1. Landbrukstiltak
2. Prakisering av nokre forhold i vedtektene og retningslinene for kraftfondet

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Rett utskrift frå møteboka frå Kraftfondstyret 28.08.23 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Torill Torsvik Størkensen
varaordfører